

Høyring - Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen

Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen er for tida på høyring, med høyringsfrist 13. november 2015.

Kort om innhaldet

Beredskapsanalysen er utarbeidd i samarbeid mellom Statens Vegvesen og Hordaland fylkeskommune, og tek føre seg Sotrabraua (riksveg), Askøybrua (fylkesveg), Nordhordalandsbrua (riksveg) og Osterøybrua (fylkesveg).

Utgangspunkt for analysen er dimensjonerande hending i utgreiinga Transportberedskap Hordaland (versjon pr. 5.2.2011): Fysisk øydelegging av kritisk infrastruktur (sjå vedlegg 4), nærmare skildra i kap. 3.2 Kriteria for dimensjonerande beredskapshendingar.

Analysen har som formål å gi ei grovskildring av alternative transportløyningar ved brot i brusambanda. Den skal òg være eit grunnlag for kommunane, Statens vegvesen og andre aktørar sine detaljplaner for å handtere en hending med stengte bruer, i tillegg vert desse aktørane sitt ansvar i handteringa av ei hending skildra.

Transportalternativa som er skildra i analysen vil berre bli sett i verk dersom det føreligg en situasjon med eit langvarig alternativt transportbehov.

Analysen slår fast at ei hending med ei av bruene skal handterast etter prinsippa; nærheit, likskap, ansvar og samvirke, som er overordna nasjonale prinsipp ved all krisehandtering. Vidare er overordna prinsipp for prioritering av brukarar ved kapasitetsknappheit skildra. Trafikktilhøve ved dei fire bruene er skildra, og det er identifisert beredskapsalternativ ved brot i dei fire brusambanda.

Fylkesutvalet vedtok i møte 24. september å sende Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen ut på høyring. Fylkesutvalet skal òg endeleg vedta analysen i februar møtet 2016.

Vi ber derfor om uttale på følgjande sentrale områder:

- Ansvarstilhøve og roller
- Tilrådd beredskapsruter
- Infrastruktur for beredskapsrutene

[Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen \(pdf\)](#)

Høyringsfrist: 13. november 2015

Lenkjer

[Nyhendeliste for høyringa](#)

[Fleire dokument på høyring](#)

[Andre publikasjonar](#)

Kontakt

Inge Edvardsen, samferdsel@hfk.no tlf. 55 23 93 75

Send høringsuttale

Du kan sende høringsuttale på tre ulike måtar:

- Send e-post til samferdsel@hfk.no
- Send brev til Hordaland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen
- [Fyll ut hørings skjema](#)

Etter at høringsfristen er ute vert uttalane publiserte på hordaland.no.



[Skriv ut](#)

19.10.2015 11:20